



Seim Barnehage Sa
Lurevegen 171
5912 SEIM

Referanser:
Dykker:
Vår: 17/1728 - 18/18748

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
02.07.2018

Rapport frå tilsyn i Seim barnehage 08.06.2018

Det er barnehagen / barnehageeigar som er målgruppa for tilsynsrapporten. Rapporten skal beskrive tema for tilsynet, formidle dei rettslege krava, kva vi har undersøkt, våre vurderingar og kva vi har konkludert med.

Tema for tilsynet

Det er gjennomført tilsyn med Seim barnehage der temaet var, sitat rammeplan:

- *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk.*
- *Kommunikasjon, språk og tekst.*

Tilsynsmynde har vurdert om barnehagen har ei drift som er lovleg og forsvarleg i høve til Barnehagelova og forskrift. Under kapittel *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk, og Kommunikasjon, språk og tekst* i Rammeplanen, kjem det tydeleg fram kva barnehagen skal leggje til rette for i arbeidet med språk og kommunikasjon. Med utgangspunkt i dette har tilsynsmynde gjennomført tilsynet i Seim barnehage.

Før tilsynet vart gjennomført ba rådmannen om å få tilsendt følgjande dokumentasjon:

- Barnehagen sin årsplan.
- Anna relevant dokumentasjon i høve til tema språk og kommunikasjon.
- Plan for implementering av ny rammeplan, fokus på språk og kommunikasjon.
- Kompetanseplanar.

Formålet med tilsyn/rettslege krav

§ 16. Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov.

Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller Godkjenningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten.

Kommunens stettingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.

I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt. Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.

Tilsynet er dei aktivitetar som kommunen utøver for å sikre seg at barnehagane vert drivne i høve til krav i Barnehagelova og forskrift. I tillegg til å kontrollere om lovverket vert følgd, er det eit tilsynsansvar å gjere faglege vurderingar og gje rettleiing. På nokre område gjev lova detaljerte føringar, medan det på andre område er ope for skjønn. I tilsynsoppgåva ligg det at det skal førast kontroll med at barnehagane følgjer gjeldande regelverk, og at det vert gitt reaksjonar når ikkje krav vert oppfylte.

Rapporten omhandlar resultat frå tilsynet som var meldt 07.05.2018 og som var gjennomført 08.06.2018.

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon. Det er også gjennomført synfaring i barnehagen og intervju / samtale etter oppsett plan.

Oversikt over personar som mynde hadde samtale med under tilsynet :

Namn	Stilling
Janka V. Seljeseth	Styrar
Elisabeth Idsø Gjerde	Styrelseiar
Iselin Rønhovde	Fagarbeidar
Merete Elin Knutsen	Pedleiar
Hjørdis Taule	Foreldrerepresentant

Tilsynet vart gjennomført av Astrid Namtvedt Sylta, Lindås kommune og Åshild Hope Herland, Austrheim kommune.

Våre vurderingar

I tilsynsbesøket møtte tilsynsmyde representantar frå dei ulike yrkesgruppene i barnehagen. Mynde hadde også samtale med foreldrerepresentant. Gjennom samtalane fekk mynde oversikt over korleis det vert arbeidd med tema språk og kommunikasjon i barnehagen, og kva kompetanse som er i barnehagen. Mynde fekk og informasjon om korleis foreldre vurderer barnehagen.

Foreldrerepresentanten var kjend med at Seim barnehage er ein DUÅ-barnehage, og at heile personalet hadde gjennomgått opplæring. Ho fortalte om språkgrupper, og om mykje turar i barnehagen.

Foreldrerepresentanten fortalte om brukarundersøking der fleirtalet av foreldre gav uttykk for å vere godt nøgde med barnehagen. Foreldre får mykje informasjon frå barnehagen, og me kjenner oss trygge når me leverer barna i barnehagen, sa ho. Sjukefråveret var gått ned, og det var mindre bruk av vikarar no. Dette var positivt, sa representanten.

At barnehagen har satsa på DUÅ-opplæring, vart omtala svært positivt. Dette hadde god inverknad på heile personalet. «DUÅ har gjeve meg sjølvstilling til å seie frå til kollega», sa ei av dei tilsette. Opplæringa i DUÅ hadde ført til at dei tilsette vart meir bevisste på språkarbeidet. Gjennom DUÅ vert det jobba med språk heile tida, var det fleire som sa.

Dei tilsette fortalte om eit variert språkarbeid, både i organiserte aktivitetar, men og i kvardagssituasjonar. Barnehagen hadde starta med språkløyper, men det hadde stoppa opp fordi dei valde å ha fokus på DUÅ.

Frå hausten skal dei i gang med språkløyper igjen, og personalet ønskjer kurs i dialogisk lesing. Dei tilsette sankka varmt om ressursteamet, her kunne dei få rettleiing i høve til barn som strevar med språket. Ein tilsett sa at ho skulle ønskt dei kunne fått rettleiing frå logoped i teamet. Ressursteamet hadde gjeve PPT eit ansikt, sa dei. Ein anna tilsett sa ho skulle ønskt at teikn til tale, TTT, var ein fast del av språkarbeidet på småbarnsavdelingane.

Mynde møtte ein engasjert styreleiar som viste stor interesse for arbeidet i barnehagen. Ho fortalte om faste møter med styrar og dei tilsette sin representant i styret. Klimaet var godt og det var lett å få folk med i styret. Styreleiar hadde ønske om meir informasjon ut til foreldre når det gjeld DUÅ og språkløyper, gjerne felles skriv med link til Udir sine sider. Styreleiar ønskte også større fokus på nynorsk i val av bøker og songar.

I Seim barnehage vert det arbeidd målretta med språk, tilpassa alder:

- På småbarnsavdeling brukar dei bilete og konkretar som støtte til språket
- Brukar teikn til tale, TTT, som støtte til språket
- Jobbar med språk og kommunikasjon heile tida – «me er gode», sa ein av dei tilsette
- Har språkgrupper
- Nyttar samtalens ved måltid som ein viktig del av språkarbeidet
- Kartlegging med TRAS
- Les bøker
- Har samlingsstund
- Bokbuss

I samtalens med dei tilsette kom det fram område barnehagen ønskjer å ha fokus på framover:

- Starte med språkløyper frå hausten
- Kurs i dialogisk lesing
- Jobbe betre med DUÅ startegiplanar
- Jobbe betre i høve til framandspråklege barn
- Vere meir bevisst i høve til bruk av bøker, begge målføre. Skape gode lesesituasjonar
- Leggje betre til rette for «leikeskriving». Synleg alfabet

Konklusjon

Seim barnehage oppfyller krava i Rammeplanen i høve til arbeidet med språk, tekst og kommunikasjon.

Samsvar med Barnehagelova

Tilsynsmynde har i tilsyn med Seim barnehage ikkje avdekkja lovbroter.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Seim Barnehage Sa

Lurevegen 171

5912

SEIM